



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL

Møtedato: 29.februar 2008, kl. 09:00 – 14:00
Stad: Ål, Ål kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.
Sak 13 og 14 var felles med rådmannsutvalet.

SAK 10/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 1.2.2008

Vedtak

Møteprotokoll 1.februar 2008 vart vedteke.

SAK 11/08 SKJØNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN, 2008 – PRIORITERING AV PROSJEKT

Vedtak

Saka vart utsett til møte i Regionrådet 6.mars.

SAK 12/08 VIDAREFØRING AV SLT, VAL AV REPRESENTANTAR TIL STYRINGSGRUPPA

Rådmannsutvalet har valt Lars Ole Skogen, rådmann Hol kommune og ein representant frå administrasjonen i Gol kommune til representantar i styringsgruppa SLT.

Lenmannkontora skal oppnemne 2 representantar.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal sine representantar til styringsgruppa for SLT, 1.2008 – 1.2.2010 er:

- Tor Egil Buøen, ordførar Flå kommune
- Gerd Eli Berge, ordførar Nes kommune

SAK 13/08 FELLESMØTE; SAMARBEIDSUTVALET – KOMMUNANE I HALLINGDAL OG RINGERIKE SYKEHUS

Fellesmøte med samarbeidsutvalet, Ringerike sjukehus, Regionrådet og Rådmannsutvalet hadde til føremål å orientere om samarbeidsutvalet sitt arbeid, sjå vedlagt presentasjonar.

Det faste samarbeidsutvalet består av representantar frå kommunane, Ringerike sjukehus, fastlegane i kommunane og brukarane.

Samarbeidsutvalet skal bidra til å utvikle og kvalitetssikre samhandlinga og samarbeidet mellom partane med omsyn til tenester til personar med somatiske og psykiske lidingar, som treng eit samansatt og heilskapleg tenestetilbod.

Samhandlinga og samarbeidet skal sikre kontinuitet og gje god fagleg kvalitet i helsetenestetilbodet til pasient/brukarar, samt sikre pasient-/brukarettar ved informasjonsoverføring.

SAK 14/08 KIRKENS FAMILIEVERNKONTOR, INFORMASJONSMØTE

Regionrådet og rådmannsutvalet vart informert om arbeidet til Kirkens Familievernkontor Hallingdal.

Familievernkontora blir drive av den statlege regionale familievernstyresmakt eller etter avtale med den regional familievernstyresmakt. Det er 64 familievernkontor i Norge, 41 er statlege og 23 er kirkelege. Familievernet har gjennom åra hatt ulike typar tilknytning til det offentlege. Det var underlagt Statens helsetilsyn fram til 1990, då det vart flytta til Barne- og Familiedepartementet. Frå 1998 til 2004 var kontora underlagt fylkeskommunal administrasjon. I 2004 vart det på nytt eit statleg ansvar ved eit nyoppretta Barne-, ungdoms- og familiedirektorat (Bufdir).

Bufetat i Helseregion Sør har i 2007 arbeida med ein Strategi- og organisasjonsprosess som har enda opp med ein plan, som vil bli lagt ut til høyring med det fyrste. Arbeidet vil kunne legge føringar for det framtidige familievernet i Hallingdal.

SAK 15/08 SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL ELEKTRONISK BOM PÅ VASSFARVEGEN, UTTALE

I brev dat. 7.1.2008, ber Buskerud fylkeskommune om uttale frå Regionrådet for Hallingdal, i forhold til Vassfarvegen sin regional funksjon, og økonomisk støtte til elektronisk bom.

I sak 06/08, 1.2.2008 handsama Regionrådet for Hallingdal sak om økonomisk støtte til elektronisk bom på Vassfarvegen og gjorde slikt vedtak:

Ut frå bakgrunnshistorie og den betyding Vassfarvegen har for næringsliv og allmenn ferdsel i nedre Hallingdal, ser Regionrådet for Hallingdal det som viktig at vegen vert halden open for allmenn ferdsel, drifta som privat veg med automatbom.

Regionrådet for Hallingdal meiner på prinsipielt grunnlag at det ikkje vil vera rett å nytte regionale utviklingsmidlar eller regionalt næringsfond til oppsetting av elektroniske vegbommar.

På spørsmål om bruk av midlar frå fylkesvegbudsjettet har Regionrådet for liten kunnskap om dei samla prioriteringane, til å kunne ta stilling til dette spørsmålet.

Hovudutvalet for samferdsel i Buskerud fylkeskommune handsama søknad om økonomisk 26.02.2008 og gjorde slikt vedtak:

- 1. Hovedutvalg for samferdsel ser positivt på søknad fra Nes kommune om støtte til investering i elektronisk bomanlegg på Buskerudsiden av Vassfarvegen mellom Nes og Hedalen i Sør-Aurdal kommune i Oppland.*

2. *Hovedutvalget forutsetter at Nes kommune bidrar med tilskudd til opprusting av den private vegen, og at Oppland fylkeskommunen bidrar med tilsvarende støtte til bomanlegg på Oppland-siden.*
3. *Hovedutvalget finansierer 50% dvs. inntil kr 170.000 fra hovedutvalgets midler for 2008, og forutsetter at Regionrådet prioriterer tilsvarende fra de regionale utviklingsmidler. Hovedutvalgets tilsagn belastes konto 100620 – 4702 – 14600, og med tilsvarende overføring fra hovedutvalgets disposisjonskonto for 2008. Tilsagnet står ved lag frem til 31.12.2008, og utbetales mor revisorbekreftet prosjektrengskap for bomanlegget.*

Med denne bakgrunn handsama Regionrådet for Hallingdal saka på nytt og gjorde slikt vedtak:

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal syner til vedtak i sak 06/08, 1.2.2008.

På prinsipielt grunnlag meiner Regionrådet at det ikkje vil vera rett å nytte regionale utviklingsmidlar til oppsetting av elektroniske vegbommar. Regionrådet vil og peike på at i partnarskapsavtala mellom Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune er det ein føresetnad om maksimal delfinansiering av enkelttiltak med inntil 50% av kostnadane, frå fylkeskommunale midlar.

SAK 16/08 FORSLAG TIL KANDIDATAR TIL STYRET FOR RINGERIKE SYKEHUS HF

I brev av 31.1.2008 inviterar Helse Sør-Øst RHF kommunar og fylkeskommunar til å foreslå kandidat til styra for lokale helseforetak, innanfor sitt respektive nedslagsfelt, for ny toårsperiode.

Vedtak

Til styret for Ringerike sykehus HF foreslår Regionrådet for Hallingdal følgjande kandidat:

- Tore Bøygard (Ap), Votndalen, 3570 Ål
- Sissel Hovland (Ap), 3580 Geilo
- Aud Ingunn Narum (H), Eiklidvegen, 3550 Gol
- Dag Wollebækk (SV), Skagahaugen, 3550 Gol

SAK 17/08 ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL OG VALDRES

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal er utolmodige etter å koma i gang med arbeidet med felles energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres.

Dagleg leiar tek kontakt med Valdres natur- og kulturpark for å få stadfesta framdrift for felles energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres.

Ål 29.2.2008

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar